



REGIONRÅDET  
VEST

## STYREMØTE 18. MARS 2013

Stad: Aktivitetssenteret, Sund

Tid: 11:00-14:30

08/13	<p>Referat frå Styremøtet 21. januar 2013</p> <p><b>VEDTAK:</b> Referat frå styremøtet 21.01.2013 vart godkjent slik det låg føre.</p>
9/13	<p>IKT prosjekt v/Marit Rinnan og Hildegunn Høyland</p> <p style="text-align: center;"><b>REGIONAL IKT-STRATEGI 2013-2016</b></p> <p><b>SAKSOPPLYSNINGAR</b> Regionrådet Vest handsama forprosjektrapport om forpliktande IKT-samarbeid på møte 21.11.2011. Rådet gjekk då inn for at det skulle etablerast eit strategisk IKT-samarbeid i regionen – og at det skulle utarbeidast ein felles regional IKT-strategi for Region Vest. Saka om vidare IKT-samarbeid vart handsama i kommunane våren 2012. Kommunane slutta seg til å gå vidare med IKT-samarbeidet. Det vart oppnemnd ei arbeidsgruppe med mandat å laga framlegg til felles IKT-strategi for regionen. Janicke Runshaug Foss vart engasjert som prosjektleiar for arbeidet. Grappa hadde sitt første møte i slutten på mai 2012. Grappa har no laga eit framlegg til strategidokument som vert presentert for regionrådet før det vert send vidare til handsaming i kommunane.</p> <p><b>VURDERING:</b> Arbeidsgruppa har lagt vekt på å få eit kortfatta strategidokument – som er tydeleg på mål og strategiske satsingsområde for det felles IKT-samarbeidet i regionen. Grappa har sett det som viktig å få klart fram korleis IKT-satsinga skal styrast – og korleis ansvar for oppfølging skal plasserast. Det er tilrådd oppretta eit felles IKT-råd (fagleg arbeidsgruppe) som får ein viktig rolle i høve til arbeidet med felles IKT-plan og i høve til gjennomføring av aktuelle samarbeidsprosjekt. For å få eit bilete av utgangspunktet for vidare IKT-samarbeid, har gruppa gjennomført ei kartlegging av dei tiltak som det alt er intensjonar om å samarbeida om. Det er naturleg at det som kjem fram i denne kartlegginga vil utgjera hovudelementa i ein felles handlingsplan for dei første åra som kjem. Det er tilrådd at kvar kommune sluttar seg til ein felles IKT-handlingsplan for å få vel avklara rammer (tid og økonomi) for dei prosjekta som vert prioriterte. Likevel er det tenkt at det kan vera rom for fleksibilitet med å ta inn nye tiltak som kjem inn under vedtekne strategiar. Det bør vera eit mål at kommunane sluttar seg til ein felles handlingsplan med fastsette økonomiske rammer for aktuelle prosjekt i samband med rullering av økonomiplanane hausten 2013.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Styret i Regionrådet Vest tilrår at kommunane vedtek framlegget til «Strategi for regionalt IKT-samarbeid 2013 - 2016».</p>

10/13	<p><b>MOGELEGHEITSSTUDIE</b></p> <p><b>VEDTAK:</b> Styret i Regionrådet Vest viser til dei vedtak som er gjort i kommunane og ynskjer å gå vidare med studien. Styret ser det som naturleg at Tinget i Vest drøftar aktuelle kriterium for moglege strukturelle endringar som skal leggjast til grunn.</p> <p>Tinget i Vest blir oppmoda om å drøfta kva ulike modellutkast som skal inngå i studien.</p> <p>Øygarden kommune vert invitert til å fylgja arbeidet som observatør.</p>
11/13	<p><b>TINGET I VEST – tema for samlinga i april</b></p> <p><b>VEDTAK</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Status prosjekt Felles ansvar v/ Åsta Årøen</li> <li>• Beredskap – info om prosjektet KystROS v/styringsgruppe</li> <li>• Strategi for regionalt IKT-samarbeid v/ Marit Rinnan</li> <li>• Kommunestrukturarbeidet i Nordhordland v/ Astrid Byrknes ordførarar i Lindås kommune.</li> <li>• Moglegheitsstudie – politisk drøfting</li> </ul>
12/13	<p><b>Jordmor Heim – interkommunalt samarbeid om jordmortenester</b></p> <p><b>VEDTAK:</b> Styret støttar det samarbeidet som dei tre kommunane og Helse Bergen har om Jordmortenester i kommunane og tar saka frå Øygarden til orientering.</p>
13/13	<p><b>Næringsprosjektet - sluttdokument</b></p> <p><b>VEDTAK</b> Styret i Regionrådet vest sluttar seg til Handlingsplan for næring i region vest.</p>
15/13	<p><b>Meldingar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Årsrapport Regionrådet Vest</li> <li>• Årsmelding IKKUS</li> </ul>

Ref.